



TROMS fylkeskommune
ROMSSA fylkeskommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

26. november 2015

Nordland fylkeskommune
Fylkeshuset
8048 Bodø

Troms fylkeskommune
Postboks 6600
9296 Tromsø

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Søknad på tilskot til kommunar og fylkeskommunar, kap 226, post 60

«Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring» har som mål å auke gjennomføringa ved å utvikle, formidle og implementere effektive tiltak som førebygger fråfall, og hjelper ungdom som har falt ut, tilbake i opplæring.

Satsinga er delt i to:

- Spør 1: Arena for erfaringsutveksling.
- Spør 2: Utprøving og effektevaluering (forskning).

Eit viktig grep har vore å etablere eit varig samarbeid mellom stat, fylkeskommunar og kommunar for å auke gjennomføringa. Dette samarbeidet er ein føresetnad for vår søknad på tilskot til kommunar og fylkeskommunar, kap. 226 post 60.

I retningslinjene for tildeling av tilskot står det at fylkeskommunane sin søknad skal innehalde:

- *redegjørelse for hvilke forskningstilbydere det skal samarbeides med*
- *redegjørelse for tiltaket som skal gjennomføres*
- *budsjettplan som spesifiserer utgifter til selve gjennomføringa av tiltaket som skal utprøves*
- *tilbud fra den samarbeidende forskningstilbyderen på anbuds konkurransen "Program for bedre gjennomføring (PBG) – forskningsbasert utprøving og effektevaluering av tiltak" som vedlegg*

Fylkesdirektørane for opplæring/utdanning i Troms-, Nordland-, Hordaland og Sogn og Fjordane har gjennom arbeidet i spor 1 hatt samarbeid om å vidareutvikle tiltak som vi trur vil ha positiv effekt på gjennomføringa, og dratt veksler på kvarandre sine erfaringar.

Gjennom ein felles søknad om tilskot kap. 226 post 60 vil vi kunne isolere enkeltstående tiltak, og såleis kunne måle effekten meir presist. Tiltaka er skildra i *Redegjørelse for tiltaket som skal gjennomføres* nedanfor.

Det er utarbeidd ein budsjettplan over samla utgifter for fylkeskommunane (vedlegg 1). Prosjektet vil ha ei utstrekning på 3 år og tek sikte på å starte skuleåret 2016/17.

Forskingsmiljøet vi samarbeider med

Forskarteamet vi samarbeider og har signert intensjonsavtale med er UiB Hemil senteret, Nordlandsforskning, Oxford Research og Nasjonalt Kompetansesenter ved Danmarks institutt for Pædagogik og Uddannelse (DPU) /Aarhus Universitet. Sistnemnde er tenkt å inngå som referansegruppe for prosjektet.

Den frivillige organisasjonen *Voksne for barn* vil også inngå som samarbeidspart i høve til implementering av *Drømmeskolen*, og *Oppfølgjande team* ved Bodin vidaregåande skule vil vere med i implementeringa av *Nærværsteam*.

Hemil senteret

Hemil senteret vil vere prosjektleiar for forskinga. I teamet frå Hemil inngår professor Torill Larsen, professor Bente Wold, professor Oddrun Samdal og fyrsteamanuensis Ingrid Holsen. Alle har lang erfaring med implementering og effektevaluering av tiltak i skulen.

Professor Torill Larsen skal leie prosjektet. Ho har utstrakt leiarerfaring som forskingsleiar ved Betanien Diakonale Høgskole, nestleiar i forskingsgruppa SIPA og er no undervisningsleiar og assisterande instituttleiar ved Hemil senteret. Ho har og leia pilotevalueringa av *Drømmeskoleprogrammet*, rehabiliteringsprosjektet *KaNo* og den kvalitative evalueringa av *PAPA prosjektet* i Noreg, i tillegg til prosjektet *fysisk aktivitet og måltid i skulen*.

Torill Larsen har delteke i mange ulike forskingsprosjekt, blant anna *Steg for steg*, *Drømmeskolen* og *Helsefremmande skular*, og har såleis god kjennskap til implementering av tiltak i praksisfeltet.

Professor Bente Wold har medverka til bøker innan psykologi og folkehelse og har publisert 150 arbeid. Wold har brei erfaring frå forskning og praktisk helsefremjande arbeid, mellom anna frå EU sine forskingsprogram. Ho var evalueringsansvarlig for den norske delen av *Europeisk Nettverk av Helsefremmande skoler*, som i Noreg var eit samarbeid mellom Kirke- og undervisning- og Sosial og helse-departementa. Bente Wold har erfaring frå leiding av fleire forskingsprosjekt der skule- og læringsmiljø har vore i fokus.

Fyrsteamanuensis Ingrid Holsen har lang erfaring med forskning på sosial kompetanse, psykososialt læringsmiljø og måling av sosial ulikskap hjå barn og unge. Ho har kompetanse frå skulebaserte tiltak, implementering og evalueringsforskning. Holsen var prosjektleiar for evalueringa av *Steg for Steg* i Noreg og har delteke i pilotevalueringa av *Drømmeskolen* med særleg merkeemd på verknaden av elevmentorane i prosjektet.

Professor Oddrun Samdal har i forskinga si lang praksis frå arbeid med pedagogikk og sosialpsykologi. Samdal har studert elevane sine erfaringar omkring det psykososiale miljøet i skulen, og tilbagemeldingar på desse i høve samanheng mellom det psykososiale miljøet og helse og trivsel. Vidare har ho lang erfaring med å evaluere implementering og effekt av helsefremjande tiltak i skulen.

Nordlandsforskning

Nordlandsforskning vil vere sentrale i utforminga av den delen av prosjektet som omfattar prosessevaluering og følgjeforskning. Dei vil i tillegg leie implementeringa av tiltaket *Nærvarandeteam* som dei har utvikla og prøvd ut i samarbeid med praksisfeltet.

Nordlandsforskning har brei erfaring med forskning innan utdanningsprogram og reformer, blant anna innanfor Reform 97, Evaluering av Kunnskapsløftet (EvaKI) og evaluering av Ny Giv. I tillegg har dei stor kompetanse gjennom prosjektarbeid på unge i sårbare livssituasjonar, her med særskild merksemd på psykisk helse og vanskelege overgangar i knytt til fråfall, arbeidslivstilpassning og nedsett arbeidsevne. Summert har dei lang erfaring med forskning på målgruppa for betre gjennomføring.

I teamet frå Nordlandsforskning inngår seniorforskar Cecilie Høy Anvik og Ph.D. i sosiologi, cand.phil. i sosialantropologi Terje Olsen og forskar Ragnhild Holmen Waldahl.

Ph.D. **Cecilie Høy Anvik** har vore forskar sidan 1997 og har gjennom heile karrieren arbeidd med spørsmål knytt til dei unge sine overgangar mellom utdanning og arbeidsliv, særleg det som skjer i overgangen mellom vidaregåande skule, læretid/praksisperiodar og arbeidsliv. Anvik har vore prosjektleiar for fleire forskingsprosjekt om unge som slit med å fullføre vidaregåande opplæring og kvalifisere seg for arbeidslivet, blant anna for *VISUM*.

Seniorforskar **Terje Olsen** har i fleire år leia og gjennomført studiar omkring situasjonen på arbeidsmarknaden for personar med nedsett funksjonsevne. I eit engasjement ved Nordens Velfærdscenter (2012-2014) har han hatt som hovudoppgåve å bygge opp ein kunnskapspark om fråfall i vidaregåande opplæring.

Forskar **Ragnhild Holmen Waldahl** er prosjektleiar for Senter for velferdsinnovasjon ved Universitetet i Nordland og statsvitar frå Universitetet i Oslo. I dei seinare åra har ho arbeidd med å legge til rette for innovasjonsprosjekt mellom forskingsmiljø og praksisfelt og gjennom forskning på velferdstenesteinnovasjon. Waldahl har dei to siste åra arbeidd på *VISUM* saman med Cecilie Høy Anvik.

Oxford Research

Oxford Research er eit nordisk analyseselskap som dei siste åra har arbeidd målretta for å bli det fremste evalueringsfaglege miljøet i Noreg. Deira spesialfelt er analyser og evaluering innan nærings- og regionalutvikling i tillegg til forskning og utdanning. Oxford Research har også eit eige initiert program knytt til metodisk og fagleg utvikling innan RCT, finansiert av Sørlandet sitt kompetansefond. Seleksjonseffektar og fokus på implementering, samt ei lang rekke evalueringsprosjekt innan skule og utdanningssektoren gir nyttig inngang til effektstudiar knytt til betre gjennomføring.

I Oxford Research sitt team inngår senioranalytikarane Rune Stiberg-Jamt, Tor Borgar Hansen og Bjørn Brastad.

Rune Stiberg-Jamt er administrerande direktør ved Oxford Research. Han har i fleire år arbeidd med FoU-arbeid. Han har også erfaring med regionale kompetansekartleggingar, og kartleggingar av forhold ved norsk skule gjennom evaluering av blant anna *Plan for IT i Norsk skule*, prosjektleiar for nasjonale analysar av elevundersøkingane, kartlegging av interesse og behov for *EVU* på høgare nivå.

Det siste året har han vore prosjektleiar for fleire evalueringar av utdanningsprogram på oppdrag av Oslo kommune, Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet. Han har blant anna medverka og leia evalueringa av SEPREP sitt tverrfaglege utdanningsprogram innan psykisk helse og rus. **Tor Borgar Hansen** har lang erfaring med evalueringar og måling av resultat og effekt av ulike

verkemiddel for næringsutvikling, innovasjon, forskning, entreprenørskap og kommersialisering. Hansen er nå prosjektleiar for prosjektet knytt til RCT i regionen.

Bjørn Brastad har lang erfaring med evalueringar og måling av effektar. Han har brei erfaring knytt til gjennomføring av ulike kvantitative analyser.

Redegjøreelse for tiltaket som skal gjennomføres

Læringsmiljøet er elevane sitt arbeidsmiljø og opplæringslova sin § 9a seier at alle elevar i grunn- og vidaregåande skule har rett til eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Forskning har vist at psykososiale helseproblem er ei aukande årsak til at unge ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring (Brage og Thune 2015, Berg og Thorbjørnsrud 2009). Erfaringar frå Spor 1 viser at elevane si psykiske helse er ei stadig tilbakevendande utfordring i høve fråværsproblematikk. Fylkesdirektørane meiner derfor at gode prosessar knytt til nærvær og trivsel er grunnleggande føresetnadar for å auke gjennomføringa. Tett oppfølging gjennom samhandling og betre koordinering av elevtenestene vil kunne bidra til å systematisere arbeidet både på individ- og systemnivå.

Føremålet med forskinga er å finne ut kva førebyggjande tiltak som reduserer fråvær og fråfall i vidaregåande opplæring. Gjennom å prøve ut tiltaka; *Drømmeskolen* og *Nærværsteam* vil vi få kunne kome nærare eit svar på kva som skal til for å redusere fråfall. Tiltaka er nærare skildra i tilbudet frå dei samarbeidande forskningstilbydarane (vedlegg 2).

Drømmeskolen, tiltak 1, er retta mot læringsmiljøet, elevmedverknad og ein inkluderande kultur i skulen. I tillegg fungerer *Drømmeskolen* som ei kvalitetssikring av overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring, slik at alle elevar vert inkludert i skulemiljøet frå starten av. *Nærværsteam*, tiltak 2, har som føremål å løfte fram og styrke ulike helse- og sosialpedagogiske profesjonar si rolle, rutine og samhandling omkring den einskilde elev.

Med bakgrunn i konkurransegrunnlaget som gir fylka høve til å søke om fritak etter opplæringslova sin § 1-4, vil fylkeskommunane søke fritak frå den nye regelen om at elevar med meir enn 10 prosent fråvær i eitt fag, ikkje vil få karakter i faget. Dette vert viktig for å unngå og innføre fleire vilkår som kan påverke fråvær. Endeleg søknad om forsøk etter opplæringslova § 1-4 gir vert sendt vårhalvåret 2016.

Drømmeskolen

Drømmeskolen er et universelt helsefremjande program. Det har spesielt merksemd på å sikre god overgang frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring. Programmet er utvikla av Voksne for barn (www.vfb.no) og er ein del av Helsedirektoratet si satsing på «psykisk helse i skolen». Måla for *Drømmeskolen* er:

- a) å etablere rammer og verktoy for heilskapleg arbeid med det psykososiale læringsmiljøet i skulen
- b) auke kompetansen hjå tilsette i arbeidet for eit godt psykososialt miljø
- c) styrke relasjonen mellom elevar og mellom elevar og tilsett
- d) styrke elevane si kjensle av å høyre til gjennom deltaking, mestring og motivasjon
- e) auke elevane sin motivasjon til å fullføre og bestå
- f) nytte elevane som ressursar i det systematiske arbeidet for å fremje eit godt psykososialt læringsmiljø

Drømmeskolen har praktiske tiltak og verktoy som verkar saman. Desse forsterkar kvarandre, og skapar kontinuitet i arbeidet med elevane sitt læringsmiljø. Elevmentorar, "Drømmeklassen" og

styrking av lærarane sin kompetanse er viktige berebjelkar i programmet. *Drømmeskolen* involvere alle nivåa i skulemiljøet (skulenivå, klassenivå, gruppenivå og individnivå).

Nærvarsteam

Tiltaket er utvikla på bakgrunn Nordlandsforskning si følgjeforskning av det forebyggande teamet ved elevtenesta på Bodin videregående skole i Bodø. Tiltaket *Nærvarsteam* er spesielt retta mot psykososial oppfølging av målgruppa; ungdom som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring og ikkje kvalifiserer seg for arbeidslivet. Målet med *Nærvarsteam* er å auke merksemda, betre rutinen, sikre kontinuitet og tidlig innsats i arbeidet rundt enkeltelevar som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring. Dette skal gjerast gjennom å:

- a) skape gode overgangar til og i vidaregåande opplæring
- b) få ned elevfråvær
- c) auke motivasjon for å fullføre og prestere fagleg
- d) gje tidlig, god og koordinert helseoppfølging

Nærvarsteamet blir organisert gjennom elevtenesta og vil vere fleirfagleg samansett. Funksjonane som inngår i teamet vil vere OT-koordinator, sosial/spesialpedagogisk rådgjevar og skulehelsetenesta. Teamet skal vere samlokalisert slik at ekspertisen rundt det psykososiale arbeidet på skulen er samla. I tiltaket vert det søkt om ressurs til ein ½ koordinatorstilling. Denne skal fungere som koordinator på kvar einskild skule og koordinere innsats, både internt mot skuleleiing (rektor) og kontaktlærarar, og eksternt, mot samarbeidspartnarar som til dømes BUP, Nav, andre kommunale helsetenester, barnevernstenesta og praksisplass.




Svein Heggheim
Fylkesdirektør opplæring
Hordaland fylkeskommune



Sedolf Slettli
Fylkesutdanningssjef
Troms Fylkeskommune



Tone Vangen
Fylkesutdanningssjef
Norland fylkeskommune



Bekka Skaasheim
Fylkesdirektør opplæring
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Budsjett med spesifiserte utgifter til gjennomføringa av tiltaket
Vedlegg 2: Tilbod frå samarbeidande forskingstilbydarar

